

Beitelagskart på nett

Beitelagskart på nett (BLN) er ei kartfesting av beitelag organisert gjennom stønadsordninga Organisert beitebruk (OBB). Ved sida av beitelagsgrenser er det vist kor mange dyr som er sleppt og tapsprosent. BLN vart etablert i 2002 og er no drifta av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Data er tilgjengeleg gjennom NIBIO si kartteneste Kilden. Det er berre dei laga som søkte tilskot siste beitesesong som blir vist i Kilden.

BLN byggjer på følgjande datakjelder:

Søknadsskjema for Organisert beitebruk

I søknadsskjema for OBB legg beitelagsleiar inn tal dyr sleppt og heimsanka for beitelaget. Om laget er delt inn i fleire beiteområde blir tala lagt inn for kvart delområde. Søknaden blir lagra i Landbruksdirektoratet sitt tilskotssystem – eStil. Når utbetaling av tilskot er klart blir tala for dyr sleppt og tapt sendt til NIBIO.

Kart over beitelag som er med i Organisert beitebruk

Her er det teikna inn området som kvart beitelag vanlegvis nyttar. Høveleg målestokk for innteikning av beitelagsgrenser er 1: 50 000 - 100 000. Endringar blir meldt inn frå beitelaga til kommunen som samordnar og sender dette til NIBIO. NIBIO knyter kart og statistikk saman for kvart år. Beitelag som ikkje søker tilskot eit år blir borte frå kartet, men dukkar opp att når dei søker neste gong.

Knytning mot andre kart og register: Data for fleire andre kartverk og register kan knytast til BLN. I Kilden er systemet integrert i NIBIO sine andre kartdata. Det betyr at ein kan sjå kva som er innafor beitelaget i dei andre kartprodukta instituttet har. Systemet hentar også inn data frå andre kartprodusentar som verneområde frå Miljødirektoratet, kulturminne frå Riksantikvaren med meir.



Kvaliteten på innteikninga av beitelagskarta er noko ulik. Nokre lag er teikna svært grovt, medan andre er veldig detaljerte. Grove kart der til dømes heile kommunar er teikna ut som eitt beitelag gjev lite informasjon om beitebruken. Skal beitelagskarta ha bruksverdi er det viktig at teikninga av beiteområda er truverdige, elles vil ikkje informasjonen bli lagt vekt på. Det er òg viktig at karta er oppdaterte og at dei held om lag same detaljeringsgrad.

Oppdatering av beitelagskartet blir gjort kvart år i april-mai. Dei fleste laga er stabile frå år til år, men nokre endringar er det. Kilden blir oppdatert ein gong i året – i mai, men vi tek i mot

oppdateringar fortløpande. Dessverre er det lag som ikkje melder inn endringar og karta kan dermed bli misvisande.

Ved kartfesting av beitelag i Organisert beitebruk er det valt å kartlegge den faktiske arealbruken til beitedyra, og ikkje arealet der beitelaget har stadfesta beiterett.

Beitelagskartet kan såleis ikkje brukast som dokumentasjon av beiterett eller fråvær av beitebruksinteresser.

Kvifor BLN?


Beitenæringa er den mest arealkrevjande næringa vi har. 35 % av landet blir bruka av organiserte beitelag. Beitelagskart på nett skal vera ein reiskap for forvaltning av utmark og næringsutvikling innan utmarksbasert husdyrbruk. Systemet kan brukast på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå.

Næringsutvikling: Systemet gjev grunnlag for planlegging av betre beitebruk ved at ein kan synleggjera så vel ledige, lite utnytta som høgt nytta beite. Kopla saman med vektdata og data om naturgrunnlaget kan det gje grunnlag for meir detaljerte kapasitetsberekningar og planer for skjøtsel av beite. GPS-data frå radiobjeller kan gje kunnskap om korleis ein innan beitelag bør sette inn tiltak for styring av dyr, gjerding, saltsteinar m.m. Systemet gjev oversikt over sankelagsstrukturen som grunnlag for å finne gode løysingar for beitebruk i kommune og fylke.

Arealplanlegging og forvaltning: Presset på norsk utmark er aukande. Fleire brukarinteresser, både nye og tradisjonelle, vil vera med å avgjera korleis utmarka skal forvaltast. Skal beitebruk bli teke omsyn til må næringa synleggjera arealinteressene sine og vera til stades der areal blir disponert. BLN bidrar til dokumentasjon av husdyrbruket sine arealinteresser i utmark. Dokumentasjonen kan brukast både i arealplanlegging og til løysing av arealbrukskonflikter. BLN er særleg eigna i høve til arbeid med kommunale beiteplaner, men òg i høve til regionale problemstillingar. I tilskotsforvaltning er systemet ein sentral arbeidsreiskap.

Beredskap: Sjukdomar og ulykker rammar utmarksbeitande dyr. Da er det viktig å veta kvar dyra går. Eit døme er Tsjernobylulykka der arbeidet med tiltak vart organisert gjennom beitelaga. Fleire smittsame sjukdomar er trugsmål for beitenæringa. Scrafi, skrantesjuke og fotråte er stikkord her. Smitteoverføring kan foregå på beite. For å finne smittevegar er det viktig å veta kvar dyra i ulike beitelag kjem i frå. Gjennom BLN kan ein vise kva for driftseiningar som har sauer i det enkelte beitelag, og kvar hovedbølet for desse driftseiningane ligg. Kopla opp mot sjukdomsdata, gjev systemet mulegheiter for arbeid med forebyggjande tiltak mot spreiding av husdyrsjukdomar.

Rovdyr: Konfliktnivået mellom rovdyr og beitedyr er høgt. Reiskap for å finne konfliktdepande rådgjerder er viktig. Kopla med geografisk stadfesting av kadaverfunn og forekomst av rovdyr kan ein planlegge tiltak som kan redusere konfliktnivået mellom beitebruk og vern av rovdyr. BLN har også historisk statistikk som gjer at ein kan få eit bilete av korleis tap av husdyr utviklar seg.



Tapsprosent for sau/lam på utmarksbeite per beitekommune i Hedmark. Gjennomsnittstap i 10-årsperiodar 1973-2012.

Forsking: For forskning har BLN mykje data og mulegheiter ved kopling mellom ulike kart og register. Noreg har stor variasjon i natur- og landskapstypar. Bruk av ulike data kring naturgrunnlag kan avdekkje faktorar som er viktige for produksjonsresultatet. Forsking er også viktig for utforming av offentleg verkemiddelbruk.

Korleis finne og bruke BLN?

NIBIO si kartteneste Kilden finn du på internettadressa <https://kilden.nibio.no/>. Når du startar Kilden vil noregskartet koma fram på skjermen. Tilgjengelege kartlag blir vist på venstre side. Trykk på '+' knappen framfor beitelag for å sjå temakarta for beitelag. Slå av og på kartlag ved å hake av i boksane på venstre side. Karta legg seg oppå kvarandre og blir teikna i rekkefølga dei er haka av. Nedst i menyrekka på venstre side finn du 'Valgte kartlag'.

Verktøy for teikning og utskrift finn du øvst i menyen på venstre side. Nede på høgre side av skjermen kan du velge mellom ulike typar bakgrunnskart eller flyfoto. Detaljert brukarvegledning til Kilden finn du under menyvalget 'Informasjon' og hjelp oppe til høgre i det grå bandet. Her er det mykje nyttig informasjon.

Navigering i kart

På høgre side av skjermen finn du ein målestav. Trykk på + eller – for å zoome inn og ut i kartet. Naviger rundt i kartet ved å halde museknappen inne og 'dra' deg rundt i kartet. Om du kjem heilt på villstrå er det berre å trykkje på knappen med noregskartet på høgre side. Den zoomar ut til landskartet. I det grå bandet øvst på sida kan du søke på fylke, kommune, stadnamn, adresse eller eigedom. Karta i Kilden er laga slik at du får fleire kartlag og tema tilgjengeleg når du zoomar inn. Kartlaga som visast med grå skrift er ikkje synlege i aktuell kartmålestokk. Trykkjer du på eit beitelag vil det dukke opp eit vindauge med ein liten tabell med samletal for beitelaget.


Temakart

Ulike tema kan visast ut frå beitelagsinformasjonen som er lagt inn. Kart som kan visast er dyrtalet som er sleppt og tapsprosentar for sau og lam, storfe og geit. Temaet 'Sau per km²' viser tal sau og lam per km² tilgjengeleg areal. I tilgjengeleg areal er bre, vatn, tettstad, dyrka mark, bart fjell og blokkmark ikkje med.

Beitelagskartet kan òg visast saman med dei andre karta som ligg i Kilden. Vegetasjonskart finst for om lag 10 % av landet og gjev detaljert informasjon om beitekvalitet for storfe og sau. Informasjon om naturgrunnlaget finst òg i arealressurskarta AR5 og AR50.

Statistikk

Statistikk for alle beitelag ligg tilgjengeleg på nettsidene om beitelag. Gå inn på <https://www.nibio.no/tema/landskap/kart-over-beitebruk-og-seterdrift/beitestatistikk>, velg område (fylke) og last ned rekneark med data frå Organisert beitebruk 2013-2020. Bla til venstre for å sjå alle kolonner. Bruk filter for å få fram informasjon om eit enkelt beitelag eller ein kommune. Trykk på kolonneoverskrifta og velg aktuell verdi. På statistiksida ligg òg data for alle beitelag frå 1981 til 2020 som nedlastbare filer saman med fylkestal som er tilgjengeleg tilbake til 1970.



Beitelag i Midt-Gudbrandsdalen fargesett etter talet på sleppte sau og lam.